

---

**Fra:** Victor Ebbesvik

**Sendt:** 9. desember 2016 10:29

**Til:** Hordaland fylkeskommune; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang kommune; Eidfjord kommune; Ulvik herad; Granvin herad; Voss kommune; Kvam herad; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune Hordaland; Austevoll kommune; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Vaksdal kommune; Modalen kommune; Osterøy kommune; Meland kommune; Øygarden kommune; Radøy kommune; Lindås kommune; Austrheim kommune; Fedje kommune; Masfjorden kommune

**Kopi:** Astrid Toft; Petter Steen ([petter.steen@haugnett.no](mailto:petter.steen@haugnett.no))

**Emne:** Ordfører/varaordførersamling

Til postmottak !

Ber om at denne e-posten vert sendt vidare til **ordførar og varaordførar**.

### **Gode ordførarar og varaordførarar !**

Syner til tidlegare epostar og innbydingar til delta i eit nettverk for ordførarar og varaordførarar i Hordaland.

Første samling i nettverket vart skipa til i slutten av september på Panorama Hotell i Sund kommune. På grunn av møte kollisjonar og ein del sjukdom heilt på tampen vart ikkje deltakinga så stor som vi i utgangspunktet kunne ønskje, men dei som var til stades ga gode tilbakemeldingar på opplegget, og var samde om å gå vidare med samlingane. Ambisjonen vart å halde ei slik samling to gonger pr. år, og det er deltakarane sjølve som kjem med innspel til tema på kvar samling.

Føremålet med samlingane er å gjere kvarandre gode og trygge i rollane som ordførarar og varaordførarar.

KS sitt fylkesstyre har vedteke at neste samling vert **måndag 20. og tysdag 21. mars**. Møtet vert i Bergensområdet.

Førebels arbeidstittel er « Møtet er satt ! »

Utgangspunktet er eit tenkt kommunestyremøte, der ordføraren må forhalde seg til ulike utfordringar, problemstillingar og konkrete saker gjennom møtet . Vi vil knytte dette opp mot aktuelt lovverk som Kommunelova, Offentleglova, Forvaltingslova og Plan og bygningslova. Ein av KS Advokatane vil følgje samlinga, med innlegg kring desse lovane. Vi legg elles opp til stor aktivitet mellom deltakarane i form av erfaringsutveksling, drøfting av konkrete «case» m.v.

*Dette er ikkje primært ei opplæring for nyvalde ordførarar. Vi trur vi skal kunne skape ei samling med relevans og for dei ordførarar som har vore i vervet ei stund. I tillegg er deira erfaringa nyttige å få med seg i drøftingane.*

Som på førre samling vil det vere Petter Steen – mangeårig ordførar i Haugesund – som vil vere prosessleiar.

Eg ber dykk no om å notere dykk dei aktuelle datoane, så vil vi kome attende medio januar med ei endeleg innbyding og påmelding.

Nyttar samstundes høvet til å ønskje dykk ei fin jul og eit godt nytt år.

Beste helsing

**Victor Ebbesvik**  
Seniorrådgjevar  
Senior Adviser

Epost Email: [victor.ebbesvik@ks.no](mailto:victor.ebbesvik@ks.no)  
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00  
Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73  
<http://www.ks.no>



**KOMMUNESSEKTORENS ORGANISASJON**  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities